



Tom Andre Sivertsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2619 - 16/13643

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

30.06.2016

Godkjenning for deler av tiltaket - GBNR 51/57 - igangsetting for opparbeiding av avkjørsel og tilkomstveg - Skjellangervegen

Administrativt vedtak. Saknr: 225/2016

Tiltakshavar:

Kaj Alexander Johnsen

Ansvarleg søkjar:

Arkoconsult AS

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, Kaj Alexander Johnsen, søkt om igangsettingsløyve for oppføring av bustad på gbnr. 51/57, Skjellangervegen 408.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 64/2016, datert 11.3.2016.

I vedtak datert 20.6.2016, saknr: 209/2016, gav kommunen løyve til igangsetting for opparbeiding av avkjørsel på bakgrunn av vilkår frå Statens vegvesen om at avkjørsel må godkjennast av vegvesenet før det vert gitt igangsettingsløyve til oppføring av bygg på eigedom.

Arkoconsult AS har sendt e-post til kommunen den 30.6.2016, der dei viser til at det ikkje eg mogleg å opparbeide avkjørsel utan at ein også samstundes opparbeider tilkomstvegen. Dette fordi ein skal bruke stein frå tilkomstvegen til opparbeiding av avkjørselen.

VURDERING:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det gjeve dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur og friluftformål (LNF) i kommuneplanens arealdel for oppføring av bustad. Vidare vart det stilt vilkår om dokumentasjon av godkjent løyve til avkjørsel frå Statens vegvesen for igangsettingsløyve. På bakgrunn av dette vert det i denne omgang vurdert igangsetting for delar av tiltaket, slik at ein kan opparbeide avkjørsel og tilkomstveg for godkjenning av vegvesenet. Igangsetting for resten av tiltaket vert vurdert når Statens vegvesen har godkjent avkjørsla. Det vert elles vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Plassering av tiltaket:

Avkjørsla og tilkomstvegen skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan, journalført motteke 12.1.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført 15.6.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker inntår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for delar av tiltaket for opparbeiding av avkjørslle og tilkomstveg i samsvar med søknad med vedlegg motteke 15.6.2016.

Dette vedtaket trer i staden for vedtak datert 20.6.2016, saknr.: 209/2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 15.6.2016, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult AS
Tom Andre Sivertsen

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN